



Møtebok for Vestre Slidre fjellstyre

Arkiv nr:

Sak nr 22/2023

Møtedato: 01.09.2023 Møtestad: Slidre

Saksbehandlar: Kenneth Monsen

Uttale til gjenoppføring av naust, S920 - Bukono

Det er komme søknad frå Trine Vistemyren som har støl i Bukono om flytting av naust, då dette ligg i vasskanten når det er høg vassføring.

Oppføring av naust er eit grunndisponeringstiltak, som omfattast av §12 i fjellova:

Iverksetjing av grunndisponeringstiltak – herunder tiltak som gjeld vassdrag – i statsallmenning kan berre skje når det ikkje medfører vesentleg skade for nokon som har bruksrett, og under omsyn til prinsippa for naturvern. Om eit tiltak vil medføre vesentleg skade for bruksrettar vert avgjort ved skjøn.


Grunndisponeringstiltak kan berre føretakast av departementet eller med løyve frå departementet, med mindre anna er særskilt fastsett. Før departementet tek avgjerd skal fjellstyret og i tilfelle allmenningsstyret ha hatt høve til å kome med fråsegn i saka.

Det er komme fjellstyret til uttale om flytting av naustet 94/1/920 vil kunne føre til vesentleg skade for bruksberettiga/ andre med beiterett.

Søker oppgjev at dei ynskjer å flytte same naust på ein ny tilsvarende plass berre nokre få meter unna opphavleg plassering. Dei oppgjev at dei vil støype ringmur. Naustet er oppgjeve til 5x4 meter.

Naustet er plassert inne på stølsjordet (S716), og vil dermed ikkje ha negative verknader for andre bruksberettiga eller for generelt friluftsliv.

Kart med raudt omriss som viser ny plassering:



Framlegg til vedtak:

Fjellstyret tilrår flytting av naust 94/1/920, og ser ikkje at dette har vesentleg ulempe for bruksberettiga eller beiteinteresser i området.

Ein føresett plassering av naustet som skissert i vedlagt kart, og at det er same naust som vert flytta. Evt nytt bygg vil krevje ny uttale.

Vedtak:

Fjellstyret tilrår flytting av naust 94/1/920, og ser ikkje at dette har vesentleg ulempe for bruksberettiga eller beiteinteresser i området.

Ein føresett plassering av naustet som skissert i vedlagt kart, og at det er same naust som vert flytta. Evt nytt bygg vil krevje ny uttale.

Vedtaket er samrøystes.

Tilråding frå fjellstyret er ikkje enkeltvedtak jf. forvaltningsloven og det er derfor ikkje klagerett over vedtaket.

Vestre Slidre fjellstyre den 01.09.2022

Kenneth Monsen
sekretær

Utskrift:
Statskog
Stølsbrukar